

Kroppspoesi

ny bok

ALF SALTVEIT

Rønnaug Kleiva:

«Animasjon»

Det Norske Samlaget 1985

Rønnaug Kleiva er ei ny stjerne på den litterære himmelen. Ho er fødd i Vartdal på Sunnmøre i 1951 og debuterte i år med diktsamlingen «Animasjon». Ordet er henta frå filmspråket og tyder levandegjering ved å syna fram bilete raskt etter kvarandre.

Det går tydeleg fram at Rønnaug Kleiva har eit litterært førebilete i Eldrid Lunden. Ho nyttar mellom anna teknikken hennar med å bruka same biletet oppatt for å gi det ein ny dimensjon i ein annan samanheng. Dei korthogne versa er ofte kantete og upresise. Dette gir lesaren høve til assosiering og meddikting. Til tider tek no i bruk naivt enkle formuleringar for å oppnå ein litterær effekt. Som døme nemner eg handa som «lukkar seg opnar seg lukkar seg opnar seg lukkar seg» og «at eg på trass av dei tusen handlingar ingen ting er ingen ting gjer ingen ting betyr».

Det er forfattaren og især forfattaren sin kropp det meste dreier seg om. Kroppsdel etter

kroppsdel vert presentert: «Kunnskapens tre veks i kroppen — eg til forveksling eg forbanna mykje og ingenting veit å gøyma seg». I dikt etter dikt veks det såre og fortvila fram. Gøymestadene vert oppbrukte, føtene utan fotfeste lever det langsame sjølv mordet til perfeksjon og det forlatne ansiktet skal snart bli liggjande heilt åleine. Og så — i det situasjonen er på det mest desperate — snur det. Livskraftene er likevel dei sterkaste, krisa går over i tango og pols og lått som rekk heilt ned til bekkenbotnen, og boka endar med ei luft som møter med ein fryd som rispar. Jo, det er sterke opplevingar i desse dikta.

Ein lesar vil kanskje etterlysa omgivnadene til forfattaren. Kor vert det av naturen, nærmiljøet, andre menneske? Rett nok dukkar elskaren opp, men i det store og hele er det ein poetisk narsissisme som pregar boka. Men det er ein vel gjennomarbeidd poesi. Forfattaren kan mykje om språk og språkleg verkemiddel. Dermed er det blitt ei lødig og engasjerande bok av det. Me skal nok få høyra meir frå Rønnaug Kleiva i framtida.